

Sunnhordland Ferjerederi AS u/s
v/Prosjektutvikling Dagfinn M. Fylkesnes
Skytterhaugvn 22
5416 STORD

Dato: 15.03.2018
Vår ref.: 2016/9963-17
Saksbehandlar: rolrose
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve for ferjedrift

Me syner til søknad om ruteløyve for ferjedrift på strekninga Sunde-Jektevik. Fylkesutvalet handsama saka i møte den 1. februar 2018. Det vart fatta slikt vedtak.

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna tildela ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, i det ein syner til at ferjekaiane/oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål.

Kopi av fylkesrådmannen si saksutgreiing fylgjer vedlagt.

Vedtaket kan klagast på til Hordaland fylkeskommunen si klagenemnd. Klagefristen er tre veker etter at dette vedtaket er motteke. Ei eventuell klage må framsetjast til samferdselsavdelinga. I klagen bør det nemnast kva endringar som er ønskja, og ei forklaring på kvifor vedtaket bør gjerast om. Me syner til reglane om klage og omgjering i forvaltningsloven kapittel 6. Søksmål om lovlegskapen av vedtaket eller erstatningskrav kan berre reisast dersom ein fyrst har nytta høve til å klaga. Eit eventuelt søksmål må reisast innan to månader rekna frå underretninga om klagevedtaket kom fram, jf. yrkestransportlova § 34.

Ein kan etter forvaltningslova § 42 første ledd be om at vedtaket ikkje vert sett i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort (utsetjande verknad). Når ein part eller ein anna med rettsleg klageinteresse aktar å gå til søksmål eller har reist søksmål for å få vedtaket prøvd ved ein domstol, kan fylkeskommunen utsetje iverksetjinga til det føreligg ein endeleg dom. Det same gjeld når ein part eller ein anna med rettslig klageinteresse aktar å bringe eller har brakt ei sak inn for ombodsmannen for forvaltninga. Dersom dette er aktuelt må ei eventuell grunngjeve oppmoding om utsetjande verknad sendast oss snarast.

Med dei avgrensingar som følgjer av forvaltningsloven §§ 18 og 19 har du rett til å sjå dokumenta i saka.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Vedlegg: Saksutgreiing

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.